

TILTAKSPLAN MOT MOBBING

Grunntanken for denne planen er at **vi som lærarar, elevar og foreldre har eit omsorgsansvar for kvarandre**. Dette må gi seg utslag i at vi viser at vi bryr oss om kvarandre og ikkje godtek at våre ”næraste” blir plaga og har det vondt.

I verksemdsplanen står visjonen vår, målsetjinga vår og grunnsynet vårt.

A. Førebyggjande plan

Tiltak 1 : Læra elevane fleire aktivitetar/leikar

- a) **Kven:** Skulen
- b) **Når:** Ein periode kvar haust og vår, i skuletimar, der heile personalet er med.

Tiltak 2: Jobbe med korleis ein oppfører seg

Sjå sosial læreplan

Tiltak 3: Elevsamtalar

- a) **Kven:** Læraren har ein førebudd samtale med kvar einskild elev.
- b) **Når:** Ein gong kvart skuleår, - før ein av foreldresamtalane.

Tiltak 4: Regelmessige samlingsstunder.

”Korleis har vi det?” blir tatt opp.

- a) **Kven:** Kontaktlærar
- b) **Når:** Helst kvar dag

Tiltak 5: Spørjeundersøking om trivsel/mobbing

- a) **Kven:** Skulen
- b) **Når:** Januar

Tiltak 6: Sosialplan

Jobba regelbunde med å gjennomføra planen for å auka trivsel og empati.

- a) **Kven:** Klassane/elevar/lærarar
- b) **Når:** Heile året

Tiltak 7: Alltid ha mobbeproblemet med i foreldresamtalane.

- a) **Når:** I oktober og i mars

Tiltak 8: Inspeksjon i friminutta og observasjon når vi vandrar mellom elevane.

Kven: Heile personalet

Korleis: Sjå vaktplan

Tiltak 9: Drøfta elevmiljøet ofte i samråding/samlingar for dei tilsette.

B. Problemløysande del.

Tiltak 1: Når mistanke om mobbing oppstår blir alle tilsette varsla for ekstra grundig observasjon og undersøking

Tiltak 2: Tilsett som oppdagar mobbing stoppar dette straks og seier ifrå til kontaktlærer og rektor.

Tiltak 3: Foreldra skal seia ifrå til skulen/heimen dersom andre sine barn, eller eigne barn vert plaga/mobba.

- a) **Kven:** Foreldra
- b) **Når:** Når ein får vita det, eller sjølv registrerer at andre sine ungar blir plaga.

Tiltak 4: "Kjøreplan" når det oppstår, eller blir oppdaga mobbing.

1. Rektor og kontaktlærer samtalar m/mobbar når mobbing er oppdaga, eller ein har mistanke. Er det fleire, snakkar ein berre med ein om gongen og elevane får ikkje ha kontakt med kvarandre mellom, eller under samtalen. Gir klart signal om at dette ikkje blir akseptert: **SLUTT**.
2. Ringjer/kontaktar straks heimen til mobbar.
3. Orienterer mobbeoffer og heimen til offeret.

DERSOM IKKJE SLUTT :

4. Foreldra og mobbar møter på skulen. Klare signal frå skulen til foreldra om at dette må vera slutt, -om ønskjeleg møte m/mobbeoffer og foreldre. (Mobbeoffer avgjer om dette er ønskjeleg!)
5. Tett og ofte kontakt mellom skule, mobbar og heimen til ein er trygg på at mobbinga er slutt.
6. Tett og ofte kontakt mellom skule, mobbeoffer og heimen til mobbinga er slutt.
7. PPT og psykolog blir kobla inn og veiledar vidare.
8. Mobbar blir eventuelt skilt frå klassen og må over i annan klasse, eller til annan skulen for ein periode. (Siste utveg.)

ELEVAR OG FORELDRE SOM SEIER FRÅ OM MOBBING MÅ FÅ VERA TRYGGJE PÅ AT DEIRA IDENTITET IKKJE BLIR KJENT OM DEI IKKJE ØNSKJER DET.

HANDLINGSPLAN MOT MOBBING

VIKEVÅG SKULE

